



# NOREGS HØGSTERETT

Den 7. februar 2006 sa Høgsterett dom i

**HR-2006-00223-A, (sak nr. 2005/1438), straffesak, anke,**

A (advokat Halvard Helle – til prøve)

mot

Den offentlege påtalemakta (statsadvokat Kristian Nicolaisen)

## R Ø Y S T I N G :

- (1) Dommar **Utgård**: Saka gjeld spørsmål om opplesing av politiforklaring, sjølvinkriminering, provokasjon, straffelova § 60 a og endeleg straffutmåling.
- (2) Nedre Romerike tingrett gav 12. mai 2005 dom som for A hadde slik domsslutning:
  - ”4. **A, født 00.00.1975, dømmes for overtredelse av straffelovens § 162 første, jf tredje ledd, jf straffelovens § 60 a, straffelovens § 162 første og annet ledd, jf § 60 a og straffelovens § 233 a, jf straffelovens § 49, alt sammenholdt med straffelovens § 62, til fengsel i 18 – atten – år.**  
**Til fradrag i straffen går 442 – firehundreogførtito – dager i utholdt varetekt, jf straffelovens § 60.**
  5. **A blir å frifinne for tiltalens post I a nr 1 og III a nr 1.**
  6. **A må tåle inndratt til fordel for statskassen kroner 5 – fem – millioner samt en mobiltelefon type Siemens M 55.”**
- (3) Domfelte anka til Eidsivating lagmannsrett over skuldspørsmålet. Lagmannsretten sa 7. september 2005 dom med slik domsslutning:
  - ”2. **A, født 00.00.1975, dømmes for forbrytelse mot straffeloven § 162 første og tredje ledd første punktum, jf straffeloven § 60 a, og straffeloven § 233 a, jf straffeloven § 49, alt sammenholdt med straffeloven § 62 til fengsel i 18 – atten – år.**

**Til fradrag i straffen går 610 – sekshundreogti – dager for utholdt varetekt.**

**3. A dømmes til å tåle inndragning til fordel for statskassen av 5.000.000 – femmillioner – kroner samt en mobiltelefon Siemens M 55.”**

- (4) Det var dissens i lagmannsretten. Tre av meddommarane meinte at straffa burde setjast til fengsel i 19 år.
- (5) Domfelte anka til Høgsterett. Anken over saksbehandlinga er tillaten fremja når det gjeld opplesing av politiforklaringar frå ein tidlegare medsikta, og når det gjeld bruk som bevis av lydbandopptak av samtalar mellom A og ein medfange. Også anken over lovbruken i høve til straffelova § 60 a og over straffutmålinga er tillaten fremja. Ut over dette er anken ikkje tillaten fremja.
- (6) *Eg skal først kort omtale bakgrunnen for anken.*
- (7) Politiet ransaka 20. mars 2004 ein bustad i Fet kommune og fann då ca. 25 kg amfetamin. Leigetakar til bustaden var B. Etter vidare etterforsking meinte politiet å ha avdekt eit omfattande system for omsetning av narkotika, der A var den som organiserte, C stod for formidlinga og B sytte for at narkotikaen vart levert til kjøparane. Dei tre vart pågripne og avhørde av politiet.
- (8) Etterkvart meinte politiet å ha bevis for mottak, oppbevaring og sal av fleire parti narkotika med i alt ca. 165 kg amfetamin og ca. 200 kg hasj. A nekta for å ha hatt med narkotikaen å gjere. C vedgjekk straffskuld, og i politiforklaringane gjekk han også inn på rolla til dei to andre. B vedgjekk i stor grad tilknytning til narkotikaen, og forklarte seg også om rolla til dei to andre sikta, særleg i høve til nokre av partia med narkotika. Han forklara seg seks gonger for politiet. Fire av forklaringane var underskrivne då han tok livet sitt 30. mai 2004 i Bergen fengsel.
- (9) Under varetektsopphald på Ullersmo fengsel kom A i kontakt med ein medfange, D, og gav uttrykk for eit ønskje om å ta livet av C. D kontakta politiet, og vart utstyrt med lydopptakar og gitt beskjed om å prøve å få A til å snakke om drapsplanane slik at dette kunne dokumenterast. D fekk gjort slike opptak.
- (10) Både A og C vart tiltala etter straffelova § 162 første, jf. tredje ledd, samanholden med straffelova § 60 a. Etter § 60 a blir strafferamma auka der brotsverket har skjedd som ledd i organisert kriminalitet. A vart også tiltala etter straffelova § 233 a, jf. § 49, for å ha forsøkt å inngå forbund med sikte på å ta livet av C.
- (11) Domsslutningane frå tingretten og lagmannsretten er attgjevne tidlegare. Ved utarbeiding av spørsmålsskriftet til lagretten var all tilknytning til dei ulike partia narkotika sett på som eit samanhengande strafflagt tilhøve, noko som inneber at A vart domfelt for eitt brot på straffelova § 162 første ledd, jf. tredje ledd.
- (12) Eg går så over til å sjå på spørsmåla som er reiste, og startar med å sjå på anken over saksbehandlinga når det gjeld *opplesinga av politiforklaringar* om narkotikabrotsverket frå avdøde, tidlegare medsikta, B.

- (13) Saka i lagmannsretten gjekk over 12 rettsdagar, utanom dagen til opplesing av dommen. Ho gjaldt i hovudsak A og C, der tiltalen gjaldt den same narkotikaen, sjølv om rollene hadde vore ulike. Det vart høyrte 20 vitne, dokumentert rapportar om ransaking og beslag, og ikkje minst vart det dokumentert omfattande rapportar om mobiltelefonbruk. Analyse av mobiltrafikk gir som kjent også eit godt grunnlag for å kontrollere ein del faktiske omstende i forklaringar. I tillegg gav C forklaringar om dei fleste partia. Det var såleis tale om eit omfattande bevismateriale.
- (14) Lagmannsretten tok stilling til spørsmålet om opplesing av politiforklaringane til B etter at alle dei 20 vitna hadde forklara seg, og etter at bevisførselen også elles i hovudsak var avslutta. Rettsforhandlingane hadde då vart i 9 dagar. I sitt vedtak slutta lagmannsretten seg til tingretten, som i si vurdering og grunngiving hadde uttala:

**”Retten ser det slik at det ved avgjørelsen av om forklaringene skal leses opp eller ikke må foretas en totalvurdering, jf avgjørelse i Rt 1992 side 792. Et sentralt moment i denne forbindelse er om beviset som skal leses opp er utslagsgivende for sakens utfall, jf Rt 2004 side 897 eller en domfellelse i avgjørende grad vil måtte baseres på beviset, jf Rt 2004 side 1789.**

**I nærværende sak er det allerede fremlagt flere bevis som kan ha betydning for skyldspørsmålet knyttet til A. Retten viser til Cs forklaring, de elektroniske spor samt beslag som er foretatt i saken.**

**C har bl.a erkjent befatning med 165 kilo amfetamin og 255 kilo hasj. Han har videre forklart at både A og B har hatt befatning med det samme stoffet. Videre vises, foruten til de elektroniske spor (bruk av mobiltelefoner), at det er foretatt beslag av 25 kilo amfetamin samt emballasje på Bs bolig.**

**Retten ser det slik at Bs forklaringer ikke alene eller i avgjørende grad vil avgjøre skyldspørsmålet mot A, men har en utfyllende funksjon i forhold til de bevis som allerede er ført.**

**Ved totalvurderingen skal det også bl.a legges vekt på bevisets pålitelighet. I dette tilfellet er det anført at B var i psykisk ubalanse. Det er videre vist til en kladd og et påbegynt brev til politiadvokat Harald Holmsen og at de to siste politiforklaringene ikke er undertegnet.**

**Retten finner at disse innvendingene ikke er av en slik styrke at det må medføre at beviset må nektes ført. Retten finner at det ikke er konkrete holdepunkter for at B var psykotisk eller i psykoselignende tilstand da han avga sine forklaringer, men at han nok var deprimert og i en psykisk presset situasjon. Situasjonen er med andre ord på langt nær så spesiell som beskrevet i Rt 1995 side 1295.**

**Det er heller ikke slik at kladden og det påbegynte brevet til politiadvokat Harald Holmsen og manglende underskrift på de to siste forklaringene gir holdepunkter for at han ikke ville vedstå seg sine forklaringer.”**

- (15) I tillegg uttala lagmannsretten:

**”Når det gjelder forhold som anføres å innebære at tingrettens avgjørelse er uriktig, har advokat Grape for det første vist til at vekten av Cs forklaring er vesentlig svekket på grunnlag av nye opplysninger fremkommet i tapede samtaler mellom C og E. Lydopptakene stammer dels fra perioden før og dels**

fra tiden etter tingrettens dom. Ingen av lydopptakene var imidlertid fremlagt for tingretten. Advokat Grape anfører at lydbåndopptakene viser at C var kjent med innholdet i Bs forklaringer da han selv forklarte seg. Cs forklaring anføres da kun å være en gjengivelse av det B hadde forklart og ikke en selvstendig redegjørelse for hva C selv hadde vært med på og opplevd. For en eventuell domfellelse av A, vil vi dermed stå igjen med Bs politiforklaringer, som det avgjørende eller utslagsgivende bevis.

Lagmannsretten finner ikke grunnlag for å kunne konkludere med at C har hatt kjennskap til innholdet i Bs forklaringer, før han selv avga forklaring. Riktignok har C i de tapede samtaler med E opplyst at han hadde kjennskap til innholdet i Bs forklaringer forut for at han selv avga forklaring. C har imidlertid for lagmannsretten opplyst hva som var bakgrunnen for at dette ble sagt i samtaler med E. Lagmannsretten finner forklaringen troverdig. Den støttes for øvrig også av forklaringene avgitt av hans forsvarer, advokat de Vibe, politiadvokat Holmsen, politiførstebetjent Engøy og politibetjent Tom Abrahamsen.

Lagmannsretten finner etter dette at bevisvurderingen av Cs forklaring i det vesentlige må anses å være den samme som for tingretten.

Advokat Grape har i tillegg vist til at tingrettens vurdering av Bs psykiske tilstand, og tilstandens betydning for riktigheten av det han forklarte til politiet, er uriktig.

I likhet med tingretten finner lagmannsretten ikke konkrete holdepunkter for at B var psykisk eller i en psykoselignende tilstand da han avga sine forklaringer. Riktignok har B vært deprimert og en presset situasjon, men det foreligger ingen holdepunkter for at dette medførte at han avga en uriktig forklaring med falske og ubegrunnede anklager mot andre.”

- (16) Forsvareren har gjort gjeldende at det var i strid med Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) artikkel 6 nr. 1, jf. nr. 3 bokstav c når lagmannsretten tillet disse forklaringene opplesne. Det blir halde fram at det er nærliggende at forklaringene kan ha hatt innverknad på bevisresultatet i alle fall når det gjeld nokre av narkotikapartia. I tillegg kjem at B var i dårleg psykisk stand då han forklara seg. Manglar ved forklaringa blir hevda å kunne ha forplanta seg ved at medsikta C – etter det som no er klarlagt – hadde tilgang til forklaringane, og ut frå det kunne tilpasse sine forklaringar til desse.
- (17) Eg tek utgangspunkt i at straffeprosesslova § 297 første ledd første punktum isolert sett ville kunne gi høve til opplesing av politiforklaringar når eit vitne er avlide og munnleg avhøyr såleis ikkje er mogeleg. Men denne paragrafen må lesast i samanheng med EMK artikkel 6, som har overskrifta ”*Retten til en rettferdig rettergang*”. Også krava i denne artikkelen må oppfyllest for at det skal kunne skje opplesing.
- (18) Artikkel 6 nr. 1 inneheld hovudregelen om at ein straffskulda (”charged”) har rett til ”en rettferdig og offentlig rettergang”. Artikkel 6 nr. 3 stiller opp særlege minstekrav til slik rettergang. Føresegna i nr. 3 bokstav d gir ein straffskulda rett til ”å avhøre eller la avhøre vitner som blir ført mot ham, og få innkalt og avhørt vitner på hans vegne under samme vilkår som vitner ført mot ham”.

- (19) I samsvar med avgjerdene i Rt. 2004 side 1789 og Rt. 2004 side 1974 legg eg til grunn at det er ein føresetnad etter artikkel 6 nr. 3 bokstav d for at ei domfelling kan byggjast berre eller i avgjerande grad på ei opplesen forklaring, at den straffskulda har hatt høve til å eksaminere vitnet. Dette kan ha vore under etterforskinga eller under hovudforhandlinga. Eg viser også til to sentrale dommar frå Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD), dom 27. februar 2001 Lucà mot Italia, særleg premissane 39–40, og dom 5. desember 2002 Craxi mot Italia, særleg premissane 84–87. Omgrepet vitne i artikkel 6 nr. 3 bokstav d er autonomt og omfattar også medsikta, jf. Lucà mot Italia premiss 41. Av Craxi mot Italia premiss 87 følgjer at prinsippa også gjeld for forklaringar frå vitne som har gått bort før dei kunne spørjast ut av den straffskulda eller av nokon på denne sine vegner. – Eg legg til at det her må gjerast reservasjonar for situasjonar der ein tiltala kan lastast for at eit vitne ikkje har møtt eller eventuelt er død. Dette går eg ikkje nærare inn på no.
- (20) Vurderinga må skje ut frå behandlinga for lagmannsretten. Eg har gjort greie for bevismaterialet som vart lagt fram under ankeforhandlinga. Også straffutmålingspremissane i lagmannsretten kjem inn. Eg minner om at avgjerda av kva mengder domfellinga skulle gjelde, var ein del av straffutmålinga, med dei same krava til bevis som for sjølve skuldspørsmålet.
- (21) Ved vurderinga viser eg først til at lagmannsretten venta med å avgjere spørsmålet om opplesing til bevisførselen elles i hovudsak var avslutta. På dette tidspunktet kunne retten ha eit grunnlag for å vurdere bevisgrunnlaget i saka. For Høgsterett, som ikkje sjølv kan gå inn i bevisvurderinga, har det vekt at saksbehandlinga ved avgjerda var tilfredsstillande.
- (22) Opplysningane frå behandlinga i lagmannsretten støttar det standpunktet lagmannsretten tok, slik tingretten også hadde gjort, med omsyn til om forklaringane frå B var avgjerande bevis. Det låg føre beslag og ikkje minst omfattande rapportar om kommunikasjon. Forklaringa frå C, som også var med på å gi domfelling for C sjølv, var ein viktig del av grunnlaget. Ikkje minst må det her ha kome inn at forklaringane samsvara, ved at forklaringa frå C til dømes kunne prøvast opp mot opplysningar frå kommunikasjonskontrollen. Slik eg vurderer det, kan politiforklaringane såleis ikkje reknast å ha vore avgjerande bevis verken for avgjerda av skuldspørsmålet eller ved bevisvurderinga under straffutmålinga.
- (23) Det er også gjort gjeldande at det har skjedd andre krenkingar av EMK artikkel 6. Eg ser på desse ut frå ei samla vurdering etter hovudregelen i EMK artikkel 6 nr. 1, og slik at eg også i totalvurderinga tek omsyn til at det ikkje hadde vore mogeleg for den straffskulda å få stilt spørsmål til B.
- (24) Eg ser då først på om forklaringa til B var kjend for C. Forsvararen meiner at det var tilfelle, og at det gjer at forklaringa frå C ikkje er eit sjølvstendig bevis. Dette reiser to spørsmål. Det første er om C reint faktisk hadde kunnskap om forklaringane frå B. Om svaret på det er ja, blir det andre spørsmålet om det svekkar tilliten til C sine forklaringar.
- (25) Spørsmålet om faktisk kunnskap er eit bevisspørsmål. Eg går ikkje inn på bevisverdien av det opptaket søster til A, med skjult lydopptakar, gjorde av samtalar med C under spaserturar med han. Det som vart sagt i ein slik samtale må i alle tilfelle vurderast saman med andre forklaringar og bevis i saka. På dette punktet er det ikkje grunnlag for meg til å setje til side bevisvurderinga i lagmannsretten.

- (26) For Høgsterett er det innhenta forklaring frå eit nytt vitne, F, som opplyste at ho hadde snakka med C om lag to veker etter at han kom ut frå varetekt. Ho forklara at C hadde sagt at han hadde fått lese gjennom forklaringane til B. C hadde også sagt at politiet ”sa at etterforskningen ble lettere hvis hans forklaring var mest mulig identisk med Bs forklaring, og at dette gav mer rabatt til ham.”
- (27) Vitnet uttala såleis det same som E forklarte for lagmannsretten. Om dette viser eg til sitatet frå lagmannsrettens vedtak der det går fram at C sjølv forklarte seg om kva som var bakgrunnen for det han sa til A, ei forklaring lagmannsretten fann truverdig. Forklaringa var støtta av forklaring frå forsvararen, frå ein politiadvokat og frå to politibetjentar som hadde teke opp forklaringar frå C og B. Under ankeforhandlinga for Høgsterett stadfesta påtalemakta at det var ein føresetnad at C, som sat i varetekt, ikkje skulle ha tilgang til forklaringane frå dei andre. Det er ut frå dette vanskeleg for meg å forstå at politiet kan ha ordlagt seg slik som F no har gitt att frå samtalen med C. Det som her er sagt samsvarar heller ikkje med at C gav ei detaljert forklaring om eit parti på 60 kg amfetamin, som B berre hadde nemnt. Og for eit parti på 5 kg hasj forklara C og B seg i strid med einannan. Ut frå dette kan eg ikkje sjå at dette nye vitneprovet gir grunn til eit anna resultat enn det lagmannsretten kom til.
- (28) Om C hadde tilgang til forklaringar frå B, måtte det dessutan i dette tilfellet grunne seg på grovt pliktbrot hos Cs forsvarar. Det er ikkje for Høgsterett forsøkt å underbygge at det har skjedd. Eg kan ut frå dette ikkje leggje til grunn at C forklara seg med kunnskap om politiforklaringane.
- (29) To av forklaringane til B var ikkje underskrivne då han tok livet sitt. Etter dei opplysningane som ligg føre, kan eg ikkje sjå at det låg i dette at han ikkje vedsto seg forklaringane og dei tilståingane han hadde kome med.
- (30) Det er på det reine at B var deprimert og i ein vanskeleg personleg situasjon då han gav forklaringane sine. Etter mitt syn var han ikkje her i nokon annan situasjon enn det som ofte vil vere tilfelle der nokon er sikta for alvorlege, strafflagde handlingar.
- (31) Ut frå dette er det mi meining at verken ei isolert vurdering i høve til EMK artikkel 6 nr. 3 bokstav d eller ei samla vurdering i høve til artikkel 6 nr. 1, gir grunnlag for å konstatere krenking.
- (32) Eg går så over til å sjå på spørsmåla om *provokasjon og sjølvinkriminering*, som knyter seg til domfellinga etter straffelova § 233 a, jf. § 49 – forsøk på å inngå drapsforbund. Om ein augneblink kjem eg attende til dei faktiske omstenda. Før eg gjer det, vil eg seie litt om rettslege utgangspunkt.
- (33) Bruken av utradisjonelle etterforskningsmetodar er omhandla i Rt. 2000 side 1345, der det på side 1348–1349 er uttala:

**”En etterforskningsmetode som flere ganger har vært til bedømmelse i rettspraksis, er at politet medvirker til eller foranlediger at en straffbar handling finner sted. Her er grunnvilkåret for å akseptere metoden at politiet gjennom provokasjonshandlingen ikke fremkaller en straffbar handling som ellers ikke ville ha blitt begått.”**

- (34) Spørsmålet som vart stilt til lagretten var om A var skuldig ”i å ha forsøkt å inngå forbund med sikte på å forvolde en annens død”, og der gjerningsomtalen hadde følgjande ordlyd:

**”I perioden fra sommeren 2004 til desember 2004 forsøkte han å inngå forbund med blant annet G og/eller D eller andre for å skaffe noen som kunne ta livet av C.”**

- (35) Lagretten fann A skuldig. I straffutmålingspremissane heiter det:

**”Mens A satt i varetekt på Ullersmo landsfengsel fortalte han en annen innsatt, H, at han ønskte å ta livet av C. Dette hadde sin bakgrunn i at A mente at saken mot ham sto og falt med den forklaring C hadde gitt til politiet. Hvis C forsvant ville A kunne gå fri.**

**Den medinsatte, H, tok kontakt med politiet og opplyste om As planer. Han sa seg også villig til, ved hjelp av skjult opptakerutstyr, å tape samtaler med A for å få bekreftet As planer om å få C likvidert. Dette ble også gjort. Også i forbindelse med etterforskningen av en annen sak, hadde politiet fått opplysninger om at slike planer forelå.”**

- (36) Som det går fram av sitatet, kontakta D politiet og vart utstyrt med lydopptakar. Politiet instruerte D om å vere aktiv for å få fram opplysningar. Av opptaket gjekk det heilt tydeleg fram at A ønskte å ta livet av C, og D gjorde framlegg om at broren hans skulle engasjerast for å utføre drapet. D skulle ta kontakt med broren, som budde i Marokko, og han skulle så kome til Noreg for nærare beskjed. Det vart også avtala kva pris A skulle betale for gjennomføringa av drapet. Det vart snakka om 500 000 kroner eller 60 000 Euro.
- (37) Domfellinga for forsøk på å inngå i drapsforbund gjeld det A stadfesta i samtalanene med D. Spørsmålet er om dette var ulovleg provokasjon. Etter mitt syn er det ikkje tvilsamt at så var tilfelle. Sjølv om det kan vere at politiet hadde høve til å skaffe seg informasjon gjennom denne metoden i medhald av straffeprosesslova § 216 l – noko eg ikkje tek standpunkt til, utvikla situasjonen seg slik at det gjennom aktiviteten til politiinformanten vart skapt ei handling som elles ikkje ville ha funne stad. I dette tilfellet laga D eit opplegg som det ikkje kan leggjast til grunn at A elles ville ha forsøkt å kome inn i. Det er her ikkje tale om berre mindre endringar for den same handlinga i tid eller stad eller liknande, men eit heilt sjølvstendig opplegg.
- (38) D var ikkje polititenestemann, men han tok her på seg ei rolle for politiet og må då identifiserast med politiet.
- (39) Lagmannsrettsdommen må etter dette opphevast når det gjeld domfellinga for brot på straffelova § 233 a, jf. § 49.
- (40) Ut frå det resultatet eg er komen til med omsyn til bruken av utradisjonelle etterforskningsmetodar, blir det ikkje nødvendig å gå inn på om handlemåten var i strid med vernet mot sjølvinkriminering.
- (41) Neste spørsmål gjeld *bruken av straffelova § 60 a*. Det vart stilt eitt hovudspørsmål om narkotika, nemleg om brot på straffelova § 162 tredje ledd, jf. første ledd. Under

straffutmålinga kom lagmannsretten så til at det her låg føre organisert kriminalitet, jf. straffelova § 60 a.

- (42) I Høgsteretts kjennelse av 7. februar 2006 i sak HR-2006-00222-A, (sak nr. 2005/1641) er det lagt til grunn at bruken av straffelova § 60 a høyrer inn under skuldspørsmålet. Eg er einig i denne avgjerda, som eg då nøyer meg med å vise til. Domfellinga etter § 60 a i vår sak må derfor opphevast.
- (43) Etter dette har anken over saksbehandlinga ført fram når det gjeld spørsmålet om utradisjonelle etterforskningsmetodar, men må elles forkastast. Anken over lovbruken i høve til straffelova § 60 a har ført fram. Dette gjer at det må fastsetjast ny straff. Domfelte har også anka over straffutmålinga.
- (44) Domfellinga for eitt tilfelle av særst grovt narkotikabrotsverk, jf. straffelova § 162 tredje ledd, jf. første ledd, er det som då blir ståande. Høgste straff for dette i lova er fengsel i 15 år. Som lagmannsretten legg eg til grunn at A var hovudmannen for distribusjonen av narkotikaen i Noreg. Det er tale om ca. 160 kg amfetamin og ca. 250 kg hasj. Ut frå rolle og kvantum må straffa her setjast til fengsel i 15 år.
- (45) Aktor for Høgsterett har, med tilslutning frå forsvararen, opplyst at varetektsfrådraget skal vere 834 dagar, når det er teke omsyn til tillegget for isolasjon. Eg legg dette til grunn.
- (46) Eg røystar etter dette for slik

#### D O M :

I lagmannsrettsdommen blir gjort følgjande endringar:

1. Domfellinga etter straffelova § 60 a blir oppheva.
2. Domfellinga etter straffelova § 233 a, jf. § 49 blir oppheva.
3. Straffa blir sett til fengsel i 15 – femten – år.
4. Frådraget for uthalden varetekt blir sett til 834 – åttehundreogtrettifire – dagar.

- (47) Kst. dommer **Kaasen:** Jeg er i det vesentlig og i resultatet enig med førstvoterende.
- (48) Dommer **Stabel:** Likeså.
- (49) Dommer **Flock:** Likeså.
- (50) Dommer **Gussgard:** Likeså.
- (51) Etter røystinga sa Høgsterett slik



## D O M :

I lagmannsrettsdommen blir gjort følgjande endringar:

1. Domfellinga etter straffelova § 60 a blir oppheva.
2. Domfellinga etter straffelova § 233 a, jf. § 49 blir oppheva.
3. Straffa blir sett til fengsel i 15 – femten – år.
4. Frådraget for uthalden varetekt blir sett til 834 – åttehundreogtrettifire – dagar.